

OPPLYSNINGSHEFTE FOR FYRESDAL BARNEHAGE 2011/2012



INNHALD

Innleiing

Praktiske opplysningar

- Opningstid
- Mat
- Ekstraklede
- Bursdagar
- Sjukdom
- Leiker
- Skoposar
- Foreldreråd
- Barnehageporten
- Ekstradag i barnehagen
- Open barnehage
- Overgangar i barnehagen
- Fotoalbum

Fagområda

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

Personalet i barnehagen

I kvar avdeling ligg det eit eksemplar av Rammeplanen. Denne må foreldre/føresette gjerne låne.

Vedlegg frå helsesyster: "Er barnet mitt friskt nok til å vere i barnehagen?"

Innleiing

Barnehageloven § 1 slår fast at:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

Endret ved lov 19 des 2008 nr. 119 (Kr. 1 aug 2010 //lg. res. 18 juni 2010 nr. 828).

Fyresdal barnehage vil vektlegges sosial kompetanse på alle områder barnehageåret 2011/2012. Rammeplanen seier at når barnet sluttar i barnehagen skal det ha utvikla god sosial kompetanse. Sosial kompetanse handlar om korleis vi omgår kvarandre. Vi ynskjer at barnet skal:

- Klare å ta hensyn til andre i lek og sete seg inn i korleis andre har det.
- Ha positive sosiale holdningar og haldningar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre.
- Kunne vente på tur, inngå kompromiss og fylgje opp avtaler. Sete egne behov tilsides og takle konflikter.
- Ta initiativ i forhold til andre menneske, våge å spørre andre om ting dei lurar på, introdusere seg sjølv og reagere hensiktsmessig på andres handlingar.
- Sjå verdien av å skape humor og å leike med ord og tankar.

Barnehagen skal sjå omsorg, oppdraging, lek, læring, sosial kompetanse og språkleg kompetanse i samanheng. For barn i barnehagen er leiken det viktigaste. I tillegg skal fagområda i rammeplanen vektleggast. Ansvaret for å lukkast med utvikling av sosial kompetanse ligg hos den vaksne. Vi vil difor legge stor vekt på kompetanseheving av vaksenrolla i Fyresdal barnehage.

Årsplanen er delt opp i månadsbolkar og viser korleis ein vil arbeide med sosial kompetanse og fagområda det neste barnehageåret.

Sosial kompetanse er grunnleggande for barns utvikling og består av 5 ulike delar som er nært knytt til kvarandre. Desse er presentert nedanfor: empati, prososial adferd, sjølkontroll, sjølhevding, lek, gled og humor.

Barnehagen vil fortsatt ha fokus på tall, rom og form, i tillegg til barns medverknad og språk. Dette er viktige fokusområde for korleis vi arbeider med barns utvikling og for å gje eit kvalitativt barnehagetilbod.

Samfunnet er i stadige endring. I samband med dette er forståinga av barn endra i løpet av dei siste tiåra. Nå er barna blitt meir deltakande individ, og det er òg nedfelt i Lov om barnehager, kapittel 2 § 3 om rett til medverknad. I og med at forståinga av barn er endra, må vi og endre våre metodar.

Å ta barns medverknad på alvor krev god kommunikasjon mellom barna og personalet, og mellom personalet og foreldra. Barna må oppleve tydelege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile gruppa samtidig som dei i varetek det einskilde barnet (RP, pkt. 1.5 Medverknad) Personalet må gje barna tid og rom for undring og refleksjon, ved samtaler her-og-nå og i læringssituasjonar. Vi må møte barna med anerkjennelse, respekt og gje dei rom for å vere seg sjølve. Samtidig må dei lære at dei er ein del av eit fellesskap.

Vaksenrolla handlar også om å vere ein omsorgsperson, som er lyttande, har innleving, nærhet og evne og vilje til samspel. I kommunikasjon med andre er også eit velutvikla **språk** viktig.

I **kalenderen** som sektor for kultur og oppvekst gjev ut i saman har vi skrive noko om vår tilnærming til fagdelane i Rammeplanen. Dette er fag som vi skal innom i løpet av komande barnehageår. I tillegg til dette vil avdelingane sende ut månadsinformasjon med praktisk og fagleg informasjon.

I **opplysningsheftet** vil du finne litt om dei ulike fagområda frå Rammeplanen og korleis Fyresdal barnehage tenker å arbeide for å nå desse måla.

I heftet vil vi det også stå praktiske ting. Ein del av dette, samt vedtekter, informasjon om samarbeidsutval, foreldrebetaling, ekstradagar i barnehagen vil ligge på www.fyresdal.kommune.no under skule og barnehage. Her er det også linkar til plandokument i barnehagen.

Praktiske opplysningar

Opningstid

Barnehagen opnar kl. 07.00 og stenger kl. 16.30.
Kjernetida er frå 09.30 til 14.00.
Hugs å melde frå om fråvær.

Mat

Barnet får to måltider og frukt i barnehagen. Vi har som målsetting å lage varmmat ein gong pr. veke, då vi legg vekt på næringsrik og variert kost. Gje beskjed dersom barnet ditt har spesielle behov (intoleranse, allergi...), så løyser vi dette saman.
Matkulturen i barnehagen skal vere prega av eit sundt kosthald.

Ekstraklede

Alle barn må ha ekstra sett med tøy, også uteklede i barnehagen. NB! Husk å namngje alt tøy.

Klede/skotøy: barn er aktive og bør ha klede som er tilpassa leiken dei er i. Inne bør dei ha lette og ledige klede, samt innesko/sandalar/tøflar. Til utebruk må kleda tilpassast ver og årstid.

Bleiebarn skal ha bleier liggjande i barnehagen. Personalet gjev beskjed når det trengs påfyll.

Bursdag

Barnehagen markerar dagen. Det flaggast for barnet, vi lagar krone og har ei lita markering.

Når det gjeld INVITASJON til bursdag skal desse IKKJE skal delast ut i barnehagen/Gardar. Det er for sårt når enkelte barn i dei ulike kulla ikkje blir invitert! Er dykk usikre på navn og adresse kan vi hjelpe til med det.

Sjukdom

Har barnet svekka allmenntilstand må det vere heime frå barnehagen (oppkast, diare, feber...). Skulle barnet bli dårleg eller skade seg i barnehagen, vil foreldre få fortløpande melding. Er det nødvendig kontaktar personalet helsehuset og avtalar å møte foreldre/føresette der. Det er difor viktig at personalet veit kor vi kan få tak i dykk. Ein dokumenterar skader med skademeldingsskjema som foreldra får.

Vedlegg frå helsesyster ligg bak.

Leiker

Det er foreldra som bestemmer om barnet får ha med leiker i barnehagen. På Gardar har dei ein fast dag i veka til dette. Barnehagen kan ikkje erstatte mista eller øydelagde leiker.

Skoposar

For å unngå mest mogleg sand og vete i garderoben må du ta av deg skoa når du kjem inn i barnehagen, eller ta på dei blå skoposane. Barna skal også ta av sko i gangen.

Foreldreråd

I barnehageloven i kapittel 2, § 4 står det: " For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutval. Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø."

For Fyresdal barnehage vil det vere aktuelt med ein representant frå kvar avdeling (5personar). Desse vil utgjere foreldrerådet i Fyresdal barnehage.

Barnehageporten

I forhold til trafikk og parkering utanfor barnehagen er det viktig at porten inn til barnehagen ALLTID er stengt! Barna skal ikkje klatre på porten eller gå ut aleine.

Trafikkreglene § 16, punkt 1: ” I eller ved bebyggelse må det ikke foregå unødig og forstyrrende kjøring med motorvogn. **Der må det heller ikke foregå bruk av motor på tomgang eller annen bruk av motorvogn som volder unødig støy eller unødig utslipp av røyk eller gass.**”

Bilar som står på tomgang og med nyklane i er ei fare og eksosen går rett inn i vårt lufteanlegg. Husk 30 km sone.

Ekstra dagar i barnehagen

Har du behov for ein ekstra dag i barnehagen, ta kontakt med leiar på avdelinga. Dette let seg ofte ordne, men det vil medføre ekstra kostnader for deg som foreldre.

Besøk i barnehagen

Foreldre som har barn heime er velkomne til å vitje oss i barnehagen. Barna må ha foreldra med og det skal gjerast avtale med personalet.

Overgang i og frå barnehagen

Det er viktig at 5 åringane vert tidleg kjend med skulen, lærarar og skuledagens innhald. Utifrå dette startar vi ei mild tilnærming hos 5 åringane på Gardar med trening i konsentrasjon, tal og bokstavar, namnet sitt og besøksordning med 1.klasse.

Vi har også andre overgangar, t.d. frå Hegglandsgrend til barnehagen og frå barnehagen til Gardar. Her legg vi vekt på besøksordningar mellom avdelingane.

Planen om overgang barnehage/skule vil bli dela ut til alle foreldre/føresette til 5 åringane

Fagområda

Innanfor kvart tema ein arbeider med er ein innom fleire fagområder. Desse fagområda er sentrale for oppleving, utforskning og læring og er i stor grad dei same som barnet seinare møter i skulen.

Fagområda er samanhengende i ein kompleks heilhet og årsplanen viser denne samanhengen. Vi vil heile tida jobbe innanfor dei ulike fagområda i meir eller mindre grad. Fokus på språk og sosial kompetanse vil vi fortsatt ha. I tillegg til det, vil vi i år sjå nærare på fagområdet tall rom og form. Heile personalet har vore på kurs, og vi vil at dette fagområdet skal få større fokus i arbeidet vi gjer.

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for utvikling av eit rikt språk.” RP s. 34 – 35.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet vere opptekne av å fremme språket og gje tidleg leseglede. Når barn snakkar saman og reflekterer over sitt eige og andres språk utviklar dei sitt eige. Gjennom leik og kvardagsaktivitetar brukar barnet

språket, ofte variert og komplisert tale for å uttrykke kjensler og skape relasjonar. I dei faste lese- og språkgruppene blir barna bl.a. kjent med ord, uttrykk og omgrep. Dei lærer turtaking, snakke i gruppe, lytte og dermed auke evna til språkforståing. Bøkanes innhald er variert og bidreg til refleksjon og samtale. Det er viktig at barnet blir forstått og får moglegheit for å uttrykke seg. Vi har faste besøk på bibliotek frå barnet er 3 år.

Dei vaksne i barnehagen må sørge for at barn får variert og positiv erfaring med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og til å uttrykke egne tankar og kjensler.

”Barnehagen må støtte at barn brukar sitt morsmål og samtidig arbeide aktivt med å fremme barns norskspråklege kompetanse” (RP s 29).

Vi ser det som viktig at barnet lærer norsk, bl.a. for å kunne kommunisere med andre barn og vaksne. Samtidig er det viktig at barnets morsmål og kultur, altså identitet, blir ivaretatt. Vi prøvar å ivareta dette gjennom språkstimulering og lesing hos enkelt barn eller i gruppe og er tilknytt personal som har bakgrunn i spesialpedagogikk.

Teikn til tale

Teikn til tale består av fleire språklege element. Eksempelvis: Talespråk, kroppsspråk, naturlege teikn og konvensjonelle teikn (teikn vi må lære).

For dei barna som har vanskar i språkutviklinga kan kommunikasjonen vere lettare med teikn. Dei oppfattar ordets tyding fortare, dei opplever meistring og får ein annan moglegheit i samspel og dialog med andre. Vi brukar difor teikn og symbol som støtte til språkutvikling der det er behov.

Dessutan held vi oss fortsatt oppdatert på teikn. Vi får kvar veke tilsendt 4 nye teikn frå skulen. Det vil sjølvsagt vere ulike måtar å arbeide med dette på. Men vi vil prøve å bruke teikn til ulike kvardagsaktivitetar som: samling, påkledning, måltid, turar...

Med eit kompetent og støttande miljø rundt barn som har utfordringar er det større sannsynlegheit for at vi lukkast med måla våre.

Der det fleire nettsider ein kan få hjelp på, t.d. www.statped.no

Kropp, rørsle og helse

”Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen”

”Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er riktig for å utvikle ein sunn kropp.” RP s. 35 - 36

For å arbeide i retning av desse måla må personalet arbeide for at miljøet i bhg er av ein slik art at det kan inspirere alle barn til å søke fysiske utfordringar. Uteområdet i og rundt avdelingane blir flittig bruka. Det er attraktive område for barns fysiske utforsking.

Vi nyttar nærområdet med turar til blant anna Munkehola og Lavoen. Her er det fint å utforske naturen, bruke kroppen i ulendt terreng og styrke samhald og kreativitet. Vi brukar også gymsal og basseng vinterstid. Oppleving barna får her vil gje glede, meistring og fellesskap.

Kunst, kultur og kreativitet

"Barnehagen må gje barn høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølv å uttrykke seg estetisk." RP s. 36.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet sørge for at det dagleg er tilgang til bøkar, bilete, instrument, utkleddingsutstyr, rikeleg og varierte materiale. Barna treng verktøy for skapande verksemd og for å ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Det viktigaste verktøyet dei må få er tid og rom. Det er og viktig at personalet er lyttande og merksame på det kulturelle uttrykket til barna, og at dei fremjar lysta til å utforske. Song og dans, rim og regler møter barna gjevnleg.

Natur, miljø og teknikk

"Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vær." RP s. 38 -39

For å arbeide i retning av desse måla må personalet i barnehagen stimulere til undring blant barna. Dei må vere nyfikkne og undre seg saman med barna over fenomen i naturen og teknologi, og bruke nærmiljøet til å lære om dyr, fisk, fuglar, insekt, plantar, ver og årstider. Barna må også få ein byrjande kunnskap om fødsel, vekst, aldring og død. Mykje av dette vil barna tilegne seg gjennom uteområdet i barnehagen.

Etikk, religion og filosofi

"Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven." RP s. 39 - 40

For å arbeide i retning av desse måla må personalet i bhg vere bevisst på at dei er førebilete og møte tru, spørsmål og undring med alvor og respekt. Vi må respektere mangfaldet i barnegruppa. Toleranse og respekt for kvarandre er òg noko vi må ha fokus på. Vi skal ta vare på verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven. Dette gjer vi ved å markere høgtider og andre kulturelle tradisjonar som er representerte blant barna i bhg.

Nærmiljø og samfunn

"Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Den skal leggje vekt på å styrkje kunnskapen om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett." RP s. 41

For å arbeide i retning av desse måla må personalet sørge for at barna erfarer at deira val og handling kan påverke situasjonen både for dei sjølve og andre. Gje barna kunnskap om lokalsamfunnet, arbeidsliv og moglegheitane vi har i Fyresdal.

Tal, rom og form

"Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse." RP s. 42 - 43

For å arbeide i retning av desse måla må personalet utvikle omgrepa og vere lyttande og støttande til det matematiske uttrykkjet barn gjev oss i leik, samtaler og kvardagsaktivitetar. Barna er tidleg opptekne av tal og teljing og dei utforskar rom og form. Difor er det viktig at barna har tilgang til materiell som gjev dei erfaringar. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre utforskinga og leggje til rette for tidleg og god stimulering i leik, spel, kvardagsaktivitetar.

Personalet i barnehagen

Styrar

Liv Johre Bakke

tlf: 35067180

Pedagogisk leiarar

Hamaren

Ann Merete Røed

tlf: 35067181

Lislehamaren

Kristine Berthelsen

tlf: 35067182

Loftet

Linn C Hansen

tlf: 35067183

Midstoga

Tone Nedrebø

tlf: 35067184

Hegglandsgrend

Marianne Lund

tlf. 35042312 for tida ekstra pedagog på
Midstoga

Fagarbeidarar/assistentar

Gunhild Herdis Lund Austjore

Gro Kvasjord

Anne Signe Aamlid

Bjørg Aamlid Haugen

Annitta Myrvang

Anne Skålid

Siw Annette Aamlid

Karin Lise Lauvrak

Anne Grethe Aamlid
Neal Battin
Irene Aamlid

L rlingar

Bente Frantzen, Lislehamaren ut 2011.

Randi Risdal, Hamaren ut februar 2012.

Vi tek ogs  imot studentar fr  vidareg ande skule, personar som ynskjer spr kpraksis og arbeidspraksis.

Spesialpedagog

Gunn Kiland Haakenstad har ulike opplegg i ulike grupper og med enkelt born etter borns behov. Dette f regjeng heile  ret.

Andre samarbeidspartar

Logoped, Helsesystemer, PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor), Skulen, Kulturskulen, Omsorgsteam, Bibliotek